

Forslag til ny arkivlov – IKA Møre og Romsdal sitt høyringssvar

Innleiing

Høyringsnotatet til Kulturdepartementet verkar å vere grundig og godt gjennomarbeidd. IKA Møre og Romsdal støttar intensjonen i lovforslaget om at arkivlova ikkje skal vere til hinder, men kunne stå seg i møte med den teknologiske utviklinga.

I denne samanhengen ønsker IKA Møre og Romsdal å fremme at arbeide med forskrifta kjem raskt i gang då paragrafar i dagens arkivlov er uttekne, samtidig som at arkivlova og forskrifta heng tett saman. Det er viktig at denne prosessen vert godt strukturert og gjennomarbeidd.

IKA Møre og Romsdal ønsker ein tydelegare definisjon av kva ein arkivinstitusjon er og kva kriterium som ligg til grunn for definisjonen. Kommunale arkivinstitusjonar har vakse seg store dei siste tiåra både med tanke på arkivvolum og kunnskap om bestanden. Vi ønsker oss derfor ei utvikling som speglar utviklinga og veksten til arkivinstitusjonar slik at potensialet som ligg i desse institusjonane blir utnytta.

Klarare retningslinjer for korleis ein arkivinstitusjon kan bevare, forvalte og behandle personopplysningar er ønska. Eigarar av kommunale arkivinstitusjonar må ha større fridom til å delegere arbeidsoppgåver til arkivinstitusjonar. Dette vil føre til meir effektiv offentleg forvaltning.

IKA Møre og Romsdal oppfordrar Kulturdepartementet til å konkretisere eit ansvar for privatarkiva. I NOU 2019:9 (Frå kalveskinn til datasjø) vert ansvaret for privatarkivarbeidet lagt på fylkeskommunane. Dette er ikkje følgt opp i det nye lovforslaget. IKA Møre Romsdal oppfordrar til å ta inn forslaget frå NOUen i den nye arkivlova, at fylkeskommunen får eit regionalt ansvar for privatarkivarbeid.

Vi oppfordrar Kulturdepartementet å tilføre eit ledd i verkeområdet til § 2 i lova om at private verksemdar som utfører oppgåver på vegner av det offentlege har plikt til å danne, bevare og deretter avlevere arkiv til ein arkivinstitusjon.

Vi ber Kulturdepartementet å få forskriftsheimla kor lenge arkivmateriale som er digitisert skal takast vare på før det blir kassert for å hindre at uerstatteleg arkivmateriale går tapt. Vi ønsker oss også klare føringar på kva for kvalitet digitiseringa av analogt arkivmateriale skal ha. Kvalitetssikring av digitiseringa er også viktig for å sikre at kvalitetskrava er oppnådde. Dette bør også komme i forskrift.

IKA Møre og Romsdal støttar namneendringa frå Arkivverket til Nasjonalarkivet. IKA Møre og Romsdal ønsker at Nasjonalarkivet, saman med andre arkivinstitusjonar, skal vere sterke utviklingsaktørar innan feltet og at dette kjem inn i lovforslaget.

Høyringsvaret vil først ta opp dei tre viktigaste problemstillingene knytt til lovforslaget. Deretter følgjer ein gjennomgang av resten av lovforslaget, paragraf for paragraf.

Definisjon av omgrepet arkivinstitusjon §10

Avleveringsplikta for kommunar og fylkeskommunar er per dags dato fastsett i arkivforskrifta § 18. Kulturdepartementets forskrift introduserer ei lovfesta plikt for kommunar om å ha dedikerte arkivdepot og plikt til å deponere eldre og avslutta arkiv til langtidsbevaring i depot. Dette er bra. Det regionale arkivarbeidet er ein del av den lokale og regionale identitetsbygginga. Sterke regionale arkivinstitusjonar er eit supplement til den nasjonale arkivforvaltninga, og vil gi positive ringverknadar. IKA Møre og Romsdal ønsker derimot at det blir gjort tydelegare kva kriterium som ligg til grunn for definisjonen av ein arkivinstitusjon. IKA Møre og Romsdal er ein av arkivinstitusjonane som er utanfor offentleg sektor og ergo utanfor forvaltningslova sitt område

Dei siste tiåra har dei kommunale arkivinstitusjonane hatt rask framvekst og vorte sjølvstendige kunnskapsinstitusjonar som sit på ein kompetanse kommunane i Noreg manglar.

Kulturdepartementets forslag til ny arkivlov gir ikkje rom for endringar eller utvikling av kommunale arkivdepot, og IKA Møre og Romsdal meiner at det nye lovutkastet ikkje heng saman med utviklinga i samfunnet. Kommunane ønsker å deponere meir og meir arkiv, både elektronisk- og papirarkiv, til depot. Når arkivmateriale flyttar frå kommune til arkivinstitusjon, flyttar også kompetansen og forvaltningsefaringane og dermed også utviklinga av tenester innanfor feltet. Dette skjer samtidig med ei auka forventning i samfunnet om deling av data til bruk i offentleg sektor, for einskilde personar, i det private næringslivet og innanfor forskning. Dette har ført til at arkivinstitusjonane gradvis har fått ei større rolle i samfunnet og i forvaltninga enn dei har hatt tidlegare. IKA Møre og Romsdal ønsker ei meir effektiv og moderne forvaltning og oppfordrar derfor Kulturdepartementet til å lovfeste moglegheita for kommunane til å delegere oppgåver til arkivinstitusjonar.

IKA Møre og Romsdal meiner at offentlege arkivinstitusjonar har den kompetansen på arkivfeltet som forvaltninga manglar på deponert materiale. Arkivlova bør derfor romme moglegheita for at offentlege arkivinstitusjonar blir gitt same myndigheit som Nasjonalarkivet til å kunne ta innsyn i deponert arkivmateriale. I tillegg er det kunstig at det er Kulturdepartementet som skal gi forskarinnsyn i arkivmateriale dei verken ser eller kjenner til. Tilgang til arkivmateriale er ein

demokratisk rett og det skal vere enkelt å få tak i dokumentasjon utan mange unødvendige ledd. IKA Møre og Romsdal vil oppfordre Kulturdepartementet til å heimle at offentlege arkivinstitusjonar skal ha tilgang til Folkeregisteret og moglegheit til å gi forskarinnnsyn. Dette vil bidra til ei meir effektiv offentlig forvaltning.

Med dagens utvikling av arkivinstitusjonane kan ikkje kommunale arkivdepot lenger berre verte oppfatta som eit «lager». Vi er utviklingsorienterte kunnskapsinstitusjonar som offentlig sektor er avhengig av. Vi som arbeider i ein arkivinstitusjon skal mellom anna sørge for at dokumentasjon og data blir tatt vare på for ettertida og at overføring til langtidsbevaring skjer på ein effektiv og fleksibel måte. Samtidig skal vi arbeide med å utvikle nye verktøy for å gjere arkiva tilgjengelege og skape ein innovativ bruk av dataa i arkiva. Mykje av arbeidet vi driv med skal gjerast innan innovasjon og nybrottsarbeid. IKA Møre og Romsdal oppfordrar kulturdepartementet til å sikre at kommunale arkivdepot også skal drive med utvikling og innovasjon innanfor sine område.

Arkiva er gjenstand for forskning for ulike forskingsmiljø og fag. For å bli gode på tilrettelegging for forskning, er det viktig at arkivarane også kan forske sjølve og tileigne seg erfaring og kunnskap gjennom forskning på og i eiga verksemd. Trass i at meir arkiv blir tilgjengeleg digitalt er det nødvendig for dei tilsette å utvikle kunnskap om innhaldet i arkivbestanden, den historiske konteksten til arkiva, samt den vitenskaplege bruken av arkivmaterialet. Det er ei svakheit ved kunnskapsgrunnlaget til lovutkastet at forskning ikkje er nedfelt som eit arbeidsområde, slik det er gjort i den danske arkivlova. Den nye arkivlova må slå fast at forskning og utvikling må vere ei arbeidsoppgåve i alle arkivinstitusjonar, slik museumsmeldinga (Meld. ST.23 (2020-2021) gjorde for museumsverksemdene.

Privatarkiva si rolle § 16

Privatarkiva har spelt ei viktig rolle i Noreg i meir enn 400 år. Privatarkiva har i like lang tid hatt ei sentral regional rolle. Private verksemdar er i dette lovutkastet ikkje pålagde å danne arkiv, bevare eller å avlevere arkiva sine til ein arkivinstitusjon etter ei viss tid. Dei er underlagde privat eigedomsrett. Det nye lovutkastet kan i verste fall redusere rettstryggleiken til dei arkiva dette måtte gjelde.

Næringsverksemd i privat sektor er ofte store verksemdar med betydeleg påverknad i samfunnet, som til dømes Stokke, Ekornes, H.I Giørtz og Hofseth International. IKA Møre og Romsdal ønsker betre rammer for å kunne arbeide for å bevare denne typen arkiv slik at viktig dokumentasjon etter norsk nærings- og samfunnsliv ikkje går tapt. Bevaring av denne type arkiv vil vere ein viktig faktor i styrkinga av demokratisk kontroll og bevaring av kulturarven vår.

I NOU 2019:9 (Frå kalveskinn til datasjø) vert ansvaret for privatarkivarbeidet lagt på fylkeskommunane. Dette er ikkje følgt opp i lovforslaget. Her er det ikkje konkretisert kvar ansvaret for privatarkiva skal ligge. Privatarkiva vert dermed alle eller ingen sitt ansvar. Dette er svært problematisk – og tyder i praksis inga endring på privatarkivfeltet i det heile. Til dømes kan arkiv etter dei lokale sanitetsforeiningane og helselaga som har vore med å bygge opp primærhelsetenesta i lokalsamfunna gå tapt. Dette er arkiv som inneheld rettsdokumentasjon, samt dokumentasjon av sosial og historisk betydning. IKA Møre Romsdal oppfordrar til å ta inn forslaget frå NOU 2019:9 (Frå kalveskinn til datasjø) i den nye arkivlova, at fylkeskommunar får eit regionalt ansvar for privatarkivarbeid. Sjå elles avsnitt om «Formålsparagrafen»

Private verksemder som utfører oppgåver på vegner av det offentlege si arkivplikt § 2

IKA Møre og Romsdal er bekymra for at private verksemder som utfører oppgåver på vegner av det offentlege ikkje blir pålagt arkivansvar i det nye lovutkastet på lik linje med offentlege organ. Dette gjeld for private verksemder som utfører tenester innan helse og omsorg, skule, barnehage, barnevern, barneheimar og sjukeheimar. Dette reduserer rettstryggleiken til dei som har vore brukarar og pasientar av slike tenester, då dei vil stå utan moglegheit til å få nødvendig dokumentasjon. Kommunar som kjøper tenester av private verksemder må sørge for at dei private verksemdene både danner og bevarer arkiv. IKA Møre og Romsdal ønsker å tilføre eit ledd i verkeområdet til § 2 i lova om at private verksemder som utfører oppgåver på vegner av det offentlege har plikt til å danne, bevare og deretter avlevere arkiv til ein arkivinstitusjon.

Formålsparagrafen § 1

IKA Møre og Romsdal ønsker at omgrepet kulturarv blir lagt til i formålsparagrafen. Arkiva inneheld dokumentasjon som ikkje treng å tolkast som historiske kjelder, men som direkte attgjevingar av kulturarvytringar, som lyd, film og fotografi.

IKA Møre og Romsdal meiner at privatarkiva si betydning bør komme sterkare fram i formålsparagrafen. IKA Møre og Romsdal ønsker å bytte ut omgrepet «verneverdige private arkiv» med «privatarkiv med rettsleg, historisk og forskingsmessig verdi».

Arkivstyresmakta § 3

IKA Møre og Romsdal støttar namneendringa frå Arkivverket til Nasjonalarkivet. IKA Møre og Romsdal ønsker at Nasjonalarkivet, saman med dei andre arkivinstitusjonane, er ein sterk utviklingsaktør og at dette kjem inn i lovforslaget.

Manglande føresegner om dokumentasjonsstrategi § 4

IKA Møre og Romsdal stiller seg positiv til at føring av arkivplan blir lovfesta i Kulturdepartementets forslag. Arkivplan er viktig og eit godt verktøy. Det er også bra at arkivfaglege prinsipp blir lovfesta når det gjeld arkivplikt og arkivering i § 4 og 9.

Dokumentasjonsstrategi er eit ord som vart mykje brukt i NOU-en. Det er foreslått at ordet dokumentasjonsstrategi skal brukast i staden for ordet arkivplan. Ordet *arkivplan* kan vere misvisande då dette ofte vert knytt til Arkivplan.no. IKA Møre og Romsdal meiner dermed at *dokumentasjonsstrategi* er eit meir moderne omgrep som vil gjere arbeidet med arkiv og dokumentkontroll meir interessant for andre fagfelt.

Manglande plikt til å ha avtalar om arkivansvar for fellessystem § 5

IKA Møre og Romsdal støttar at § 5 lovfestar at organ kan avtale korleis arkivansvaret skal vere for fellessystem som går på tvers av forvaltningsnivå. Dette er eit aktuelt spørsmål for kommunane i Møre og Romsdal, då mange kommunar samarbeider om tenester innanfor vertskommunesamarbeid.

Likevel meiner IKA Møre og Romsdal at sjølve lovteksta bør endrast frå: *at avtalar om arkivansvar kan lagast*, til å innehalde: avtalar skal lagast.

Utførsel av arkiv § 7

IKA Møre og Romsdal meiner at utførsel av arkiv innanfor EØS for mediekonventering og ved bruk av sky-tenester må vere arkivfagleg forsvarleg. Det inneber at arkiv ikkje skal står i fare for å gå tapt. Om nokre få år vil det komme til å bli mykje arkiv som blir sendt ut av landet for digitisering, fordi marknaden er utvida til andre land med lågare lønnskostnader. Vi er bekymra for kvaliteten og kvalitetssikringa av digitiseringa samt tryggleiken til arkivet ved utførsel av arkiv til andre EØS-land. IKA Møre og Romsdal meiner at det kan vere fornuftig å legge ei meir detaljert regulering av desse tre momenta i forskrift.

Bevaring og kassasjon § 8

IKA Møre og Romsdal støttar at det arkivfaglege omgrepet kassasjon blir vidareført. Bevaring- og kassasjonsvurderingar er sentrale, og vi er einige i at det ikkje kan vere opp til kvart einskilt organ å bestemme kva som skal bevarast. Vi meiner at dette bør takast i vare av arkivmyndigheita slik den gjer i dag. Sidan kassasjon av både analogt og digitalt skapt materiale skal destruerast og ikkje lenger vere tilgjengeleg for ettertida, er det særskilt viktig at ein uavhengig part, slik som Arkivverket er i dag, bestemmer dette.

Digitisering for kassasjon § 10

§ 10, sjuande ledd, introduserer ein heimel i forskrift for Nasjonalarkivet å krevje avleveringsformat for statlege organ som avleverer arkiv til Nasjonalarkivet. Dette er omtala på side 111-113 i høyringsnotatet. Der kjem departementet sin intensjon fram om at det ikkje skal byggast nye papirmagasiner for Nasjonalarkivet og at det etter kvart skal fastsettest i forskrift ei plikt for statlege organ om å avlevere arkiv i digitalt format til depot.

IKA Møre og Romsdal meiner at dette vil skape presedens for kommunal sektor når ei slik plikt eventuelt blir slått fast i ei forskrift. Dersom dette blir aktualisert for kommunar vil deponering medføre ekstra kostnader for kommunane. I verste fall blir deponering utsett på grunn av ressursmangel. Dette er i strid med høyringsnotatet side 170. Der blir det slått fast at ei ny arkivlov ikkje skal medføre ekstrakostnader for avleverande organ.

IKA Møre og Romsdal stiller også spørsmål til å kassere originalt arkivmateriale etter digitisering utan ei heimla karantenetid på to tiår. Vi er for digitisering av analogt materiale for å kunne ha ei enklare og meir effektiv forvaltning, men vi er imot at uerstatteleg arkivmateriale går tapt. Dersom den digitiserte versjonen skulle gå tapt eller kvaliteten på digitiseringa etter eit par år viser seg å vere for dårleg, vil arkivet vere tapt for ettertida. Vi ber Kulturdepartementet få forskriftsheimla kor lenge arkivmateriale som er digitisert skal takast vare på før det blir kassert for å hindre at uerstatteleg arkivmateriale går tapt. Vi ønsker også klare føringar på kva for kvalitet digitiseringa av analogt arkivmateriale skal ha. Kvalitetssikring av digitiseringa er også viktig for å sikre at kvalitetskrava er oppnådde. Dette bør også komme i forskrift.

Tilgjengeleggjering av arkiv § 11

Plikt i lova om at arkivinstitusjonar skal gjere arkiva tilgjengelege blir støtta av IKA Møre og Romsdal.

Tilsyn med om §§11 og 12 i lova blir etterlevde

IKA Møre og Romsdal stiller spørsmål til kven som skal føre tilsyn med at arkivinstitusjonane rettar seg etter arkivlova. Vi ønsker at det blir presisert i lova at også arkivinstitusjonar må få tilsyn, og kven som skal utføre tilsynet. Elles ser vi det som positivt at det skal få konsekvensar når det førekjem brot på lova.

